


KRISEPLAN


for

Masfjorden kommune



Oppdatert august 2022

Offentleg utgåve



Innhald:

- 1. Mål for samfunnstryggleik og beredskap i Masfjorden s. 4**
- 2. Kriseplanar som er utarbeidd i tenestene s. 5**
- 3. Kriseleiinga i Masfjorden kommune s. 7**
- 4. Kriseleiinga sine oppgåver s. 9**
- 5. Kriseleiinga sine fullmakter s. 10**
- 6. Varslingsplan og instruks for etablering av kriseleiinga s. 11**

Kap. 1

MÅL FOR SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP I MASFJORDEN

Overordna mål for beredskapsarbeidet:

Masfjorden kommune skal vera ein trygg og god kommune å arbeida, bu og opphalda seg i.

Definisjon: Systematisk beredskaps og samfunnstryggleiksarbeid er tiltak for å førebyggja og effektivt kunna handtera hendingar som truar liv, helse, miljø og viktige samfunnsverdiar og krev ekstraordinær innsats. Effektiv innsats ved ulukker og kriser skal gjera at ein snarast råd er attende i normalsituasjon.

Lovverket pålegg kommunane å ivareta tryggleik og beredskap for m a

- Beredskapsmessige omsyn i samfunnsplanlegginga etter PLB-lova
- Helsemessig og sosial beredskap
- Beredskap mot akutt forureining
- Brann og eksplosjonsvern
- Sikkert drikkevatn i henhold til drikkevasforskrifta
- Informasjon

For å møta desse utfordringane, har Masfjorden kommune følgjande delmål:

Delmål 1:

Masfjorden kommune skal fokusera på effektiv førebygging av uønskte hendingar.

Delmål 2

Masfjorden kommune skal ha ein handlingsdyktig brann og beredskapsorganisasjon

Delmål 3

Vårt kommunale beredskapsarbeid skal fokusera på reduserte skadeverknader av uønskte hendingar.

Masfjorden kommune skal gå gjennom og revidera heile beredskapsplanverket kvar valperiode. Planstrategien som skal vedtakast av kommunestyret innan eit år i ny valperiode, jfr PBL § skal synleggjera plan og prioritering for dette arbeidet.

Arbeidet med brann og beredskap skal ha kompetanseutvikling som hovudstrategi

Masfjorden kommune skal ha tenleg redningsutstyr, og plan for innkjøp på dette feltet skal arbeidast inn i økonomiplanen.

Kap. 2

KRISEPLANAR SOM ER UTARBEIDD I TENESTENE

Denne kriseplanen er ein beredskapsplan for kriseleninga i Masfjorden kommune. For å førebyggja og effektivt møta uønskte hendingar og kriser, har Masfjorden kommune kriselening og kriseteam med gode og oppdaterte planar og fullmakter. Det tverretatlege støtteteamet er kommunen sitt kriseteam. Alle avdelingar i Masfjorden kommune har eigne planar for å handtera kriser som kan oppstå på kvar eining. (t d ulukker, straumbortfall, dødsfall hjå tilsette, barnehagebarn eller elevar) og eigne rutinar for å følgja opp sin del av den kommunale beredskapen. Masfjorden kommune legg vekt på at leiarane for og tilsette i dei ulike tenestene/avdelingane har dei beste føresetnadene for rask respons og full innsats så tidleg som mogleg når uønskte hendingar oppstår og for å leia og skapa tryggleik i krisesituasjonar.

Ansvaret som leiarane har for å gjera ROS-analyser og utarbeida kriplanar gjev kunnskap og kompetanse som styrkjer det førebyggjande arbeidet. Masfjorden kommune skal ha førebygging, tryggleik og beredskap som vurderingstema i all planlegging, sakshandsaming og tenesteyting.

Definisjon: *Ein kriplan er førebudde handlingar for å møta ulukker og andre påkjenningar som i art og omfang går utover det som reknast som normalrisiko og normalbelastning i fredstid og ved omlegging til ein krigssituasjon.*

Dei kommunale beredskapsplanane skal avklara ansvar, arbeidsoppgåver, roller og fullmakter. Masfjorden kommune har følgjande kommunale kri- og beredskapsplanar::

Overordna ROS-analyse	Vedteken av kommunestyret 29.10.2015, KS-086/2015. Masfjorden vil satsa på førebygging av kriser og alvorleg svikt i samfunns-kritiske funksjonar i tråd med funna i ROS-analysen. Dette kan gje grunnlag for /revisjon av eksisterande beredskapsplanar	Må reviderast i tråd med plan.
Beredskapsanalyse for brann og redningstenesta	Revidert beredskapsanalyse utarbeida august 2020 (KS-060/2020). (Jf, plan).	
Smittevernplan	Siste rev. 2018	
Pandemiplan	2009 (rev. mars 2020)	
Beredskapsplan for helse- og sosialtenesta og einingane i oppvekstsektoren i Masfjorden kommune	Beredskapsplanane for kommunen sitt kriseteam må vera sentrale ved revisjon av desse planane.	
Plan for atomberedskap	ROS-analyse nasjonalt	
Plan for situasjonar med bortfall av straum	Analysert i overordna ROS. Treng detaljanalyserast.	
Etablering for rutinar ved ekstremver	Analysert i overordna ROS. Treng detaljanalyserast.	

ANSVAR

**Alle leiarar og tilsette skal, når han eller ho vert kjent med ei krise,
gjennomføra naudsynte strakstiltak for å redusera/avgrensa skaden.
Varsla lege, politi, brann, etablera førstehjelp, tilkalla kollegahjelp/nabohjelp**

**Alle tilsette i Masfjorden kommune skal, når det vert kjent at ei krise har
oppstått, varsle sin nærmeste overordna eller rådmann.**

**Alle leiarar i Masfjorden kommune skal, når det vert kjent at ei krise har
oppstått, varsle rådmann.**

Kap. 3

3.1. KRISELEIINGA I MASFJORDEN KOMMUNE

	Rolle i KKL
Rådmann	leiar
Ass. Rådmann	Nestleiar
Ordførar	Mediekontakt
Varaordførar	
Beredskapskontakt	Koordinering / forpleining
Brannsjef	Fagleg bistand brann / redning
Teknisk sjef	Fagleg bistand mot kommunalteknisk drift (veg, vatn og avlaup, m.m.)
Politiet	Fagleg bistand orden
Kommuneoverlege / smittevernlege	Fagleg bistand helse
Helse- og omsorgsleiar	Fagleg bistand PLOMS
Oppvekstleiar	Fagleg bistand skule / barnehage

Det er ei målsetting å samla KKL 2 gongar i året for gjennomgang av status og endringar.

Rådmann og/eller ordførar får fullmakt til å kalla inn kriseleiinga.

Dersom begge overnemte personar er fråverande, går fullmakta tilsvarende til ass. rådmann og varaordførar.

3.2. TVERRFAGLEG STØTTEGRUPPE

Tverrfagleg støttegruppe er kommunen sitt kriseteam.

Følgjande personar/etatar er med no:

Oppvekstleiar **leiar**
Politiet
Kommuneoverlege
Sokneprest
Helse- og omsorgsleiar
NAV
Barnevernet

Ved behov kan teamet utvidast med fleire personar

Målsetjing

1. Organisera og koordinera ressursar i ei **sorg/krise, ulykke eller katastrofesituasjon**
2. Arbeide målretta for å førebyggja skadelege seinvirkningar i samband ulike hendingar
3. Kome saman for å vurdere og iverksetja nødvendige tiltak

Varsling

Den i støttegruppa som opplever eller vert kjent med hendingar som heile eller delar av støttegruppa bør involverast i, kontaktar aktuelle i støttegruppa for å avklare omfang/behov for støtte. Ved større alvorlege hendingar skal heile støttegruppa koma saman. Politi eller lege kallar då inn.

Rolle

Ved større alvorlege hendingar, som medfører at den tverrfaglege støttegruppa ”offisielt” vert etablert, skal dette avklarast med rådmann eller ordførar. I slike situasjonar bør leiari av legevaktsentralen orienterast og dei ulike representantar i støttegruppa i tillegg til eigen etat.

Presse

Politiet skal informere pressa. Andre kan gje uttale innanfor eigen profesjon.

Pårørande

Politi har ansvar for å informera dei pårørande. Ved alvorlege hendingar skal det utpeikast ein person frå den tverrfaglege støttegruppa med ansvar for å ta seg av dei pårørande og deira behov. Stikkord er: Pårørandetelefon, samlepunkt/lokale, informasjon, mat/overnattning, psykososial støtte: Minnestund/befaring på åstaden, m.m. Dette er spesifikt omtalt under pkt 8.5 på side 14.

Debriefing

Politi, lege eller prest har ansvar for å samle innsatspersonell før dei går av vakt. Vidare skal det påfølgande dag drøftast behov for oppfølging av ofre, pårørande og innsatspersonell.

Evaluering

Når heile eller delar av temaet har vore i funksjon ved ei krise eller ulykke, skal den tverrfaglege støttegruppa evaluera/oppsummera hendinga. Politi eller lege kallar inn dei aktuelle i gruppa.

Kap 4

KRISELEIINGA SINE OPPGÅVER:

1. Innhenta opplysningar og skaffa seg oversikt over situasjonen.
2. Vurdera opplysningane.
3. Avklare med lensmann/politi om ansvarsdeling.
4. Ta avgjerd om å sette i verk tiltak for å hindra skader på personar og materielle verdiar.
5. Sikra god oppfølging og støtte til menneske som er råka av krisa gjennom aktiv samhandling med kriseteamet.
6. Prioritera og omdisponera bruk av kommunen sine ressursar, og gje fullmakter til dei kommunale leiarane som er på staden.
7. Opprette/halda kontakt med leiinga på skadestaden.
8. Arbeida ut og senda informasjon, både til innbyggjarane og media. (Bruke UMS-varsling til eigedomar. Både på fasttelefon og mobil).
9. Gje (attende) melding om situasjonen i kommunen til Statsforvaltaren.
10. Samarbeida med andre off. myndigheiter, bedrifter, frivillige org. osb for å få best mogleg utnytting av ressursane.

Kap. 5

KRISELEIINGA SINE FULLMAKTER

Kommunestyret har med grunnlag i denne plan vedteke ein fullmaktinstruks for kriseleiinga.

Når krisesituasjon(ar) oppstår har **leiar og nestleiar**(også fungerande i stillingane) fylgjande fullmakter:

- Å disponera samla **inntil 3.0 mill. kroner** til:
 - Naudsynt hjelp til kriseramma til forpleiing, oppfølging m v.
 - Skadeavgrensing og naudsynte sikringstiltak for å verna liv, verdiar og miljø.
 - Hjelp ved akutt behov for opprydding og utbetring av materielle skader og funksjonsforstyrningar.
- Å overskrida det disponible beløpet på 3.0 mill. kroner ved påtrengjande behov når det ikkje er tid eller høve til å kalla inn folkevalt organ.
- Å omdisponera kommunalt personell, kommunale bygg og maskiner/utstyr til naudsynte hjelpe tiltak, og yta kommunale tenester i samsvar med situasjonen.
- Å dirigera, i samråd med kriseleiinga, den kommunale ressurs- og redningsinnsatsen slik at den til einkvar tid vert best ivareteke.
- Å beordra/påleggja overtid/ekstraarbeid.

Rådmann og ordførar skal leggja fram for kommunestyret eit oversyn over nytta midlar, så snart som råd er når krisesituasjonen er over.

Kap. 6

VARSLINGSPLAN OG INSTRUKS FOR ETABLERING AV KRISELEIINGA

6.1 Intern varsling

Rådmannen og i denne sitt fråvær **assisterande rådmann**, har ved ei omfattande ulykke eller katastrofe fullmakt til **straks** å etablere kriseleiinga og til å setja i verk naudsynte tiltak i samsvar med gjeldande fullmakter og lovverk. Kriseleiinga skal straks møte ved varsling. Dersom begge overnemte personar er fråverande, har **ordførar** og **varaordførar** denne fullmakta.

Ved alvorlege hendingar der helsetenesta, brannvernet eller helse/sosial får førstevarsel, skal dei informera rådmann/ordførar/ass.rådmann eller varaordførar snarast råd.

Ved etablering av kriseleiinga skal Statsforvaltaren, politi/lensmann og andre aktuelle myndigheiter varslast.

Ansvar: Rådmann/ansv.leiar

6.2 Ekstern varsling

Ekstern varsling kjem i hovudsak frå Statsforvaltaren, men også andre kanalar kan/vil verta nytta, som t d melding på kommunen sin beredskapstelefon (945 00303), over radio/TV, via politi/ lensmann. **Ved slik varsling skal også kriseleiinga etablerast og varslingsprosedyren skal fylgjast.**

6.3 Frammøtestad: Kommunehuset på Sandnes (dersom anna ikkje vert opplyst)

Dersom ein ikkje oppnår kontakt med dei ein skal varsla, skal ein halda fram med varslinga undervegs til frammøte i operasjonslokalet. Leiar avgjer når dette ansvaret opphører/vert overført til andre.

Ansvarleg for oppdatering/distribuering: Sigvald Kvinge, Masfjorden kommune.